

987824832

FRODE LANGENES

**Mobilnummer**

901 00 521

**E-postadresse**

ingv-y@online.no

**Kontonummer** \*\*\*\* \* 32291

**Vedtaksdato**

07.11.2023

**Vedtaket er gjort av**

Alver kommune

**Søknadsdato**

20.02.2023

**Vår referanse**

Agros 221598

## Vedtak om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket – Rydding av beiter g/bn 60/1

---

**Samandrag:** Alver kommune har vedtatt å innvilge opptil 15 000 kroner i tilskot til FRODE LANGENES til Rydding av beiter g/bn 60/1. Frist for å gjennomføre tiltaket og rapportere er 16.10.2026.

---

Alver kommune viser til søknad av 20.02.2023.

### Bakgrunn i saka

FRODE LANGENES søkte om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket 20.02.2023. Du søker om totalt 137 500 kroner i tilskot for tiltak perioden 21.02.2023-01.01.2024. Totalt kostnadsoverslag for tiltaket har du utrekna til 275 000 kroner.

Søker ønsker å rydde ca 45 daa fordelt på fleire forskjellige beiteareal som ligg i direkte tilknytning til garden og eksisterende beiteareal.

### Grunngjeving for vedtaket

Føremålet med tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket er å fremje natur- og kulturminneverdiane i kulturlandskapet i jordbruket og redusere forureininga frå jordbruket, utover det som kan ventast gjennom vanleg jordbruksdrift, jf. [forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket](#) (SMIL-forskriften) § 1.

Ein kan innvilge tilskot til føretak som oppfyller vilkåra i forskrift av 19. desember 2014 nr. 1817 om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket § 2 og § 3 eller § 4.

Tilskot kan også gis til eigar av landbrukseigedom dersom det går føre seg ein produksjon på landbrukseigedom som oppfyller vilkåra for tilskot etter forskrifta som nemnt over. Om du sjølv ikkje eig landbrukseigedom skal tiltaket gjennomførast på, må det ligge føre løyve frå eigar til gjennomføring av prosjekt eller tiltak som nemnt i SMIL-forskrifta § 4 og § 5.

Søkaren må også oppfylle vilkår i forskrift av 1. juli 1999 nr. 791 om gjødslingsplanlegging. Det skal også førast journal over korleis plantevernemiddel som blir brukte, med opplysningar som nemnt i SMIL-forskrifta § 3 tredje ledd.

Målet er å fremme naturen i jordbrukets kulturlandskap på en god måte. Søknaden har vorte vurdert etter prinsippa i naturmangfaldlova (NML) §§8-12, JF.§7. Sakshandsamar har gjennomgått artskart, naturbase og etter ei samla vurdering kome fram til at tiltaket som er omsøkt ikkje er i konflikt med prinsippa i §§8-12 i naturmangfaldlova.

Kommunen meiner at tiltaket er i tråd med SMIL -ordninga sitt føremål, jf.forskrift om spesielle miljøtiltak i landbruket §1. Tiltaket er også prioritert i kommunen sin SMIL -strategi.

Landbruksavdelinga meiner tiltaket er godt og vil bidra til å utvikla kulturlandskap gjennom aktiv beiting. Beiteområda ligg i område definert som "den indre farleia", og vil vere eit godt bidrag til å opne opp landskapet enno meir og visa fram kulturlandskapet i området. Avdelinga har vore på synfaring og synast at desse og dei tidlegare tiltaka søker har gjennomført bidreg til å løfte fram kulturlandskapet, og det gjer at garden har mykje meir beiteressursar. Søkar blei på synfaring oppfordra til å samla alle desse tiltaka i ein søknad for enkelthets skuld

Det bør settast att ei kantsone med vegetasjon langs sjø der den allereie er etablert, og det kan med fordel stå att ein del vegetasjon i bratta ned mot sjø med tanke på naturleg ly for sau og for å stabilisere evt massar ifm beiteerosjon.

Sakshandsamar har etter ei heilhetvurdering redusert arealet til 10 daa, dette grunna begrensa midlar, at søkar allereie har fått løyvd ein del midlar til eit anna tiltak i årets søknadsomgang, ein del av arealet er ope og ikkje har like stort behov for rydding.

Type tiltak	Kostnad
Beiterydding 10 daa, 3 000 kr/daa	30 000 kr
<b>Sum kostnadsoverslag:</b>	<b>30 000 kr</b>
<b>Sum tilskot (inntil 50% av kostnadsoverslag</b>	<b>15 000 kr</b>

Alver kommune har vedtatt å innvilge opptil 15 000 kroner i tilskot.

### **Vilkår for tilskotet**

Frist for å gjennomføre tiltaket og rapportere er 16.10.2026. Dersom du ikkje overheld fristen, fell tilskotet vekk.

Innvilging av tilskot inneber ikkje at tiltaket er godkjent etter anna regelverk, som til dømes plan- og bygningslova, kulturminnelova, naturmangfaldlova, vassressurslova eller forureiningsforskrifta. Du må sjølv skaffe deg slikt løyve dersom det trengs, og dette må du gjere før du går i gang med tiltaket du no har fått tilskot til.

- Gjerde skal vera permanent med notegard, toppstreng og bendsletråd..
- Området skal nyttast til beite og/eller slått i minimum 10 år frå løyving.
- Greiner og tre som blir sagd ned skal samlast opp og ryddast

### **Rapportering og utbetaling**

Når tiltaket er gjennomført, må du sende inn dokumentasjon på at tiltaket er gjennomført etter dei vilkåra som er sett i dette brevet. Du skal rapportere om måloppnåing og bruken av tilskottet slik rapporteringsskjemaet angir.

Sluttrapportering skal gjerast elektronisk via altinn. Skjema for rapportering finn du på landbruksdirektoratet si heimeside eller ved å logge inn på saka di i altinn

Husk å ta bilder undervegs, før timelister og ta vare på kvitteringar for utlegg som du har hatt undervegs tilknytt tiltaket

Alver kommune betaler ut det innvilga tilskotet etter at du skriftleg har bede om det, og når vi har godkjent rapport og sluttrekneskapen for prosjektet eller tiltaket. Du kan be om utbetaling digitalt via Altinn.

For eitt-årige eller mindre prosjekt skal utbetalinga som hovudregel skje etter at prosjektet er avslutta. For fleirårige tilskot kan det vere aktuelt å betale ut delar undervegs i prosjektperioden. Delar av tilskotet kan utbetalast etter kvart som du godtgjer framdrift i gjennomføring av tiltaket og vi har godkjend rapporteringa. Minst 25 prosent av tilskotet blir halde attende til tiltaket er fullført og sluttrapporteringa er godkjend.

Landbruksdirektoratet sitt rapporteringsskjema for eingongstiltak/investeringstiltak skal fyllast ut og leggest ved når du ber om del- og sluttutbetaling. [Bruk denne malen](#)

Godkjent kostnadsoverslag for tiltaket er 30 000 kroner. Dersom kostnader for å utføre tiltaket er lågare enn godkjent kostnadsoverslag kan tilskotssummen bli justert ned.

### **Kontroll**

Kommunen, statsforvaltaren og Landbruksdirektoratet kan gjere kontroll etter SMIL-forskrifta § 9.

### **Omgjering, tilbakebetaling og motrekning**

Vedtak om innvilga tilskot kan bli gjort om og utbetalt tilskot kan bli kravd betalt tilbake etter SMIL-forskrifta § 10 dersom det blir avdekka tilhøve som er i strid med det som er føresett ved innvilging av tilskotet.

### **Klagerett**

Du kan klage på dette vedtaket til Statsforvalteren i Vestland. Send klaga til Alver kommune. Vi vil sende saka vidare til Statsforvalteren i Vestland dersom vi ikkje gjer om vedtaket. Klagefristen er tre veker etter at du har motteke dette brevet, jf. forvaltingslova § 29. Du kan òg be om å få sjå dokumenta i saka, jf. forvaltingslova § 18 og § 19.

### **Meir informasjon**

På [nettsidene til Landbruksdirektoratet](#) kan du finne meir informasjon om spesielle miljøtiltak i jordbruket.

Med helsing  
Alver kommune

Saksbehandla av: Maya Greve

Godkjend av: Laila Bjørge